

# Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland - 2025

Kap. 1: Innleiande orientering.....	3
Bevaring av privatarkiv.....	3
Bakgrunn for planen .....	3
Bevaringsplanarbeidet i Vestland .....	3
Metode.....	4
Tilpassing .....	5
Kunnskapsgrunnlag .....	5
Eit samarbeidsverktøy .....	6
Kap. 2: Bevaringsanalyse.....	7
Innleiing.....	7
Mangfald og inkludering.....	7
Samferdsle og transport .....	7
Skipsfart.....	8
Landbruk .....	8
Fiske, fangst og havbruk .....	9
Industri .....	9
Reiseliv, overnatting og servering .....	13
Kraftutbygging og anna infrastruktur .....	14
Bygg- og anleggsbransjen.....	14
Handel.....	15
Finans og forsikring.....	15
Media og kommunikasjon.....	16
Kunnskapsbaserte næringar (IKT).....	16
Anna tenesteyting.....	16
Politikk og fagrørsl.....	17
Natur- og miljøvern .....	17
Bustad- og lokalmiljø.....	18
Tru- og livssyn.....	18
Ideelle og humanitære verksemder .....	18
Barn- og ungdomsorganisasjonar .....	19
Idrett, fritid og kultur .....	19
Institusjonar .....	20
Person/familie .....	20
Legat .....	20

## **Kap. 1: Innleiande orientering**

### **Bevaring av privatarkiv**

Privatarkiv er arkiv som er skapte av private verksemder, organisasjonar og privatpersonar. Saman med dei offentlege arkiva og anna kjeldemateriale, er dei kunnskapsberarar av samfunnshistoria og kulturarven. Privatarkiva inneheld ytringar om samfunnsgrupper, saksfelt, rettar og nærings- og organisasjonsliv i Vestland. Dei er skapte av folk i Vestland og høyrer til samfunnsdokumentasjonen i Vestland. Dei gir innsikt i samtida og fortida, og er ein del av identiteten vår.

Privatarkiva har ikkje eit lovfesta vern. Dei er avhengige av politiske prioriteringar, velvilje frå arkiveigarane og frivillig innsats.

*Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland* er utarbeida av Vestland fylkeskommune. Den skal vere eit verktøy i bevaringsarbeidet og bidra til at privatarkivvernet vert retta mot målet om ein samla samfunnsdokumentasjon. Bevaringsplanen gir oversikt over privatarkiva som er tekne vare på i Vestland og kor dei finst.

### **Bakgrunn for planen**

Vestland fylkeskommune er peika ut som koordinerande institusjon for privatarkiv i Vestland. Til denne rolla ligg det eit ansvar om å samordne innsatsen på privatarkivfeltet i fylket, og fungere som eit regionalt kompetansesenter. Fylkeskommunen skal vere bindeledd mellom Arkivverket, som har det nasjonale arkivansvaret i Noreg, og lokale bevaringsinstitusjonar i Vestland.

Arkivverket løyvde i 2019 og 2020 til saman 590 000 kroner til planarbeidet. Grunna pandemien, tok ikkje kartlegginga til før i 2022. Privatarkiva som er samla inn i Vestland er vurderte opp mot utviklingstrekk og sentrale samfunnsaktørar i fylket siste 150 år. Resultatet er ein grundig og kvalitetssikra analyse.

Analysen syner korleis privatarkiva dokumenterer Vestland og gir innsikt til å ta kunnskapsbaserte retningsval i privatarkivvernet, i tråd med riksarkivarens retningsliner for arbeidet med privatarkiv i Arkivverket.

Den nasjonale strategien for privatarkivarbeidet 2019-2023 legg også føringar for bevaringsplanarbeidet. Strategien har fire hovudmål:

1. *Helhetlig samfunnsdokumentasjon skal sikres*
2. *Bevaring av privatarkiv blir tydelig prioritert*
3. *Brukere har god tilgang til privatarkiv - på lik linje med offentlige arkiv*
4. *God utnytting av ressurser*

Bevaringsplanen er kunnskapsgrunnlaget for Vestland fylkeskommune sin temaplan for bevaring av privatarkiv i Vestland 2025.

### **Bevaringsplanarbeidet i Vestland**

Det regionale samarbeidet i Vestland har først og fremst funne stad gjennom eit nettverk av institusjonar som tek vare på privatarkiv. Nettverket vert leia av Vestland fylkeskommune, og har jamlege møte. Møta er viktige, både som informasjonskanal og fagleg treffpunkt. Ein skriftleg samhandlingsplan fordeler ansvaret for innsamling og vern av privatarkiv mellom dei ulike bevaringsinstitusjonane.

Fylkestinget vedtok i 2023 å etablere eit felles regionalt arkivråd for statlege, kommunale og private arkivinstusjonar i fylket. Det skal vere eit forum for å identifisere samarbeidstiltak som kan bidra til auka kvalitet og kostnadseffektivitet på arkivtenestene. Det skal også syte for ei regionalt samordna tilnærming til nasjonale aktørar og fellesløysingar, som blant andre Digitalarkivet.

Over det regionale nivået har det vakse fram sektorvise satsingar. Nokre institusjonar og organisasjonar har teke eit landsdekkande ansvar for å bevare privatarkiv frå bestemte samfunnsområde. Det gjeld til dømes olje/gass, sjømat og bergindustri. Utanom næringslivsdokumentasjon, finst det også institusjonar med nasjonalt nedslagsfelt innan tematiske område som arbeidshistorie, nynorsk skriftkultur og skeiv historie. Dette er noko som også påverkar samhandling når det gjeld innsamling i Vestland.

Vestland har ein rik arv å bygge på, og er fylket med flest bevarte privatarkiv. Over fleire tiår har arkivmiljøa i både Hordaland og Sogn og Fjordane vore pionerar for utviklinga av publikumstenester, digitale løysingar og forvaltning av arkiva. Privatarkiva i Vestland vitnar om ein eineståande innsats frå fellesskapet, frå organisasjonar og institusjonar, frå private verksemder og frå styresmaktene. Bevaringsarbeidet som er lagt ned vitnar også om vilje, framsyn og engasjement frå enkeltpersonar, både arkivarar som har sikra arkiva og dei som har ynskt å overføre arkiva sine til ein fellesskap.

I Sogn og Fjordane vart det utarbeidd ein bevaringsplan i 2016, og Hordaland hadde ein samhandlingsplan for privatarkiv som vart sett i kraft i 2006. Regionreforma medførte eit nytt arkivlandskap, og eit behov for ein oppdatert og samordna plan for privatarkivarbeidet.

#### Metode

Bevaringsplanen byggjer på ein metode utarbeidd av SAMDOK-prosjektet. Prosjektet starta i 2013, i kjølvatnet av *Stortingsmelding 7 (2012-2013) Arkiv*, og var leia av Arkivverket. Stortingsmeldinga la vekt på at arkiv frå statleg, kommunal og privat sektor utfyller kvarandre og dokumenterer samfunnet frå ulike ståstader og synsvinklar. Arkivstrevet bør såleis sikte seg inn mot ein samla samfunnsdokumentasjon som eit overordna mål.

For å nå denne målsetjinga har det blitt lagt vinn på å utarbeide regionale bevaringsplanar, bygde på ein felles metode:

#### **Kartlegging og bestandsanalyse**

Eitt av grunndraga i metoden er kartlegging av kva materiale som allereie har blitt samla inn av institusjonar og aktørar som oppbevarer privatarkiv. Kvart einskild arkiv får påført eit sett med metadata som legg til rette for analysar av bestanden. Det gjeld til dømes informasjon om ytterår, kommunetilhørsle og omfang.

#### **Samfunnsanalyse**

Målet med samfunnsanalysen er å risse opp sentrale trekk ved samfunnsutviklinga dei siste 100-150 åra. Ved å peike på kva næringar, organisasjonsliv og kulturelle tilhøve som har vore viktige i eit område, er det mogeleg å seie noko om kva aktivitetar som bør bli dokumenterte gjennom innsamling av privatarkiv.

## Bevaringsanalyse

Resultata frå bestandsanalysen og samfunnsanalysen blir så sette opp mot kvarandre i ei vurdering av kor godt dokumentasjonen frå ikkje-offentleg sektor viser att i arkivlandskapet.

Bevaringspraksisen etter SAMDOK-metoden går i korte trekk ut på å avdekkje hol i den samla samfunnsdokumentasjon, for slik å kunne spisse innsamlingsarbeidet og få ei best mogeleg utnytting av ressursane på området.

### Tilpassing

SAMDOK-metoden er ei rettesnor, og lyt tilpassast regionale behov og ambisjonar. I denne bevaringsplanen har vi lagt stor vekt på å få inn eit solid datagrunnlag. Over 9000 privatarkiv med opphav i Vestland har blitt kartlagt og kategorisert i eit eige registreringsskjema.

Samfunnsanalysen har blitt delt i to: ein utvida analyse som dekkjer perioden 1850-2023, og ein meir kortfatta historikk som tek for seg utviklinga for ulike samfunnsområde ca 1945-2023. Den utvida samfunnsanalysen har eigne kapittel for Bergen og resten av fylket. Dette er meint å vere eit referansedokument for vidare analysar i det innsamla datagrunnlaget.

Bevaringsvurderinga av dei ulike samfunnsområda vil for det meste vere knytt til samfunnsanalysen etter 1945. I etterkrigsåra, og særleg i perioden 1980-2020, har det blitt teke vare på relativt få privatarkiv. Samstundes er denne perioden prega av stor endringar og betydeleg arkivdanning, også i privat sektor. Det synes difor naturleg å ha eit spesielt vake auge for arkivdekkinga i denne epoken.

For dei einskilde samfunnsområda er bevaringsvurderinga lagt på eit overordna nivå. Tilrådingane vil såleis i liten grad peike på kva konkrete arkiv som bør bli verna.

Bevaringsplanen vil i tillegg ta opp i seg utfordringar og mogelegheiter som privatarkivfeltet står overfor dei komande åra. Det gjeld ressurstilgang, magasinkapasitet og andre tilhøve som påverkar vernearbeidet.

### Kunnskapsgrunnlag

I det store og heile er arkivfeltet i Noreg prega av empirisk fattigdom. Ein del kunnskap finst rett nok i arkivstatistikken Arkivverket årvisst samlar inn. Dette datagrunnlaget har vore viktig i bevaringsplanarbeidet, sjølv om det berre gjev eit oversiktsbilete av stoda på feltet.

Ein oppdatert og nyttig status på arkivområdet i Noreg kom med rapporten frå *Utvalget for bevaring av digitalt skapt dokumentasjon* i 2023. Utvalet peiker på at situasjonen er prekær når det gjeld avlevering av privatarkiv.<sup>1</sup>

Den viktigaste kunnskapsbanken i denne bevaringsplanen kjem frå den kartlegginga og dei analysane som har blitt utarbeidd av prosjektgruppa. Det har gjeve eit solid fundament for å setje kurs i det vidare vernearbeidet på privatarkivfeltet.

I alt vart privatarkivbestanden i 56 ulike institusjonar og oppbevaringsstader kartlagt og registrert. Aktørane som oppbevarer privatarkiv i Vestland varierer mykje. Det dreier seg om alt frå reine arkivinstitusjonar til museum, lokalhistoriske samlingar, kommunar og sogelag. Kriteriet for å kome med i kartlegginga er at det har blitt gjort ein aktiv innsats for å ta vare på privatarkiv.

I dette planarbeidet har det i tillegg blitt samla inn mykje informasjon gjennom ei undersøking av oppbevaringsinstitusjonane i Vestland. Det vart i 2024 sendt ut spørsmål til institusjonane om mellom anna ressursbruk, oppbevaringstilhøve, bruk av katalogprogram og kompetanse. Kunnskapen frå denne undersøkinga har gjeve eit godt grunnlag for å identifisere styrke og svakheiter ved privatarkivvernet i Vestland. Kring 70% av respondentane svarte på undersøkinga.

I Vestland har det tidlegare blitt utført fleire store kartleggingar på privatarkivfeltet. Særleg er det verd å trekkje fram Hordalandsundersøkelsen, som vart gjennomført på 1980-talet. Målet var å kartleggje ikkje-offentlege arkivmateriale i fylket. Både nærings- og organisasjonsarkiv blei fanga opp av prosjektet.

Bevaringsplanen byggjer elles på eit stort litteratur- og statistikktilfang. Litteraturlista gjev eit oversyn over bøker, artiklar og nettstader som har blitt nytta i planarbeidet. Av statistikk har spesielt *Det norske næringsliv* frå 1950-talet og Brønnøysundregistra vore sentrale.

#### Eit samarbeidsverktøy

Målet med bevaringsplanen og det kunnskapstilfanget som har blitt produsert er tredelt. For det første dannar det grunnlag for ei fylkespolitisk satsing på privatarkiv.

Bevaringsplanen skal dessutan kunne fungere som eit verktøy for dei institusjonane som vernar privatarkiv i fylket. Ambisjonen er også at datagrunnlaget og dei analysane som har blitt utarbeidde vil bli nytta av offentleg forvaltning, både på kommune- og fylkesnivå.

Gjennom arbeidet med bevaringsplanen har det blitt skaffa til vege eit solid kunnskapsgrunnlag, og det har blitt kartlagt kva ønske bevaringsinstitusjonane i Vestland har innan vern av privatarkiv. Ein oppdatert samhandlingsplan for Vestland vil bli utarbeidd i etterkant av dette planarbeidet.

## Kap. 2: Bevaringsanalyse

### Innleiing

Denne analysen tek for seg bevaringsstatus for privatarkiv i Vestland innan ei rekkje ulike samfunnsområde. Målet med gjennomgangen er å avdekkje kva område som er svakt dekkja med privatarkiv. Vurderinga er lagt på eit overordna nivå. Tiltrådingane vil såleis i liten grad peike på kva konkrete arkiv som bør bli verna.

Under ein tredel av dei innsamla privatarkiva i Vestland er frå etter 1945. Analysen vil difor leggje hovudvekt på manglar ved den samla samfunnsdokumentasjon frå då og framover mot vår tid.

Næringskategoriane i bevaringsanalysen er henta frå standard for næringsgruppering. Grupperinga er grunnlag for koding av føretak i Einingsregisteret og Statistisk sentralbyrå sitt bedrifts- og føretaksregister. Inndelinga av organisasjonar er bygd på kategoriar i arkivsystemet Asta.

### Mangfald og inkludering

På 1980-talet byrja tal innvandrarakom til fylket å auke, og det siste tiåret har talet vakse betrakteleg. Det er i dag 85 638 innvandrarakom i Vestland fylke. Det utgjør 13,2 prosent av befolkninga.

Etniske minoritetar i Vestland er representerte med eitt organisasjonsarkiv. I tillegg er det bevart to arkiv frå personar med innvandrarakom. Arkiva reflekter dermed ikkje den utviklinga som har skjedd i samfunnet dei siste førti åra. Av den grunn må ein prioritere å få samla inn fleire arkiv frå ulike etniske minoritetar i fylket.

Det har ikkje blitt bevart arkiv frå urfolk og nasjonale minoritetar i Vestland. Det er busett ein liten prosentdel samar, jødar, kvener, skogfinnar, romani og romfolk i Vestland. Det må vere eit mål å dokumentere desse gruppene.

Det er bevart 16 arkiv frå organisasjonar for personar med funksjonsnedsetting. Halvparten av arkiva kjem frå organisasjonar oppretta etter 1945. Det har mellom anna blitt tatt vare på fem arkiv frå foreiningar for blinde og ni arkiv frå foreiningar for døve. I tillegg er det bevart tre regionale arkiv. Dei fleste arkiva er små og fragmentariske. Det vil vere viktig å bevare fleire arkiv frå organisasjonar for personar med funksjonsnedsetting.

Den skeive rørsla i Vestland står oppført med fire organisasjonsarkiv, som alle har opphav i Bergen. Det har også blitt samla inn 25 arkiv frå personar som har vore tilknytt den skeive rørsla i fylket. Arkiva blir oppbevarte av Skeivt Arkiv i Bergen, som har eit nasjonalt ansvar for å ta vare på arkiv frå den skeive rørsla. Skeiv historie i Vestland vert såleis godt ivareteken.

### Samferdsle og transport

Sjøverts transport var svært viktig for persontrafikken i store delar av Vestland også i tida etter 1945. Det har blitt teke vare på 20 bedriftsarkiv frå kategorien *Sjøfart og kysttrafikk med passasjerar*. Dei fleste av desse er små, og har opphav frå gamle Hordaland fylke. Av arkiva frå dei to store distriktsreiarane, Hardanger og Sunnhordlandske Dampskipselskap og Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane, har ikkje det siste blitt verna. Fylkesbaatane, som i dag er ein del av Fjord1, har spelt ei avgjerande rolle både innan både godstransport og passasjertrafikk, og bør difor bli verna for ettertida.

Det er bevart 62 arkiv frå kategorien *Passasjertransport på land*. Det ser ut til å vere god dekning fram til om lag 2000. Det gjeld særleg Bergen, Sogn og Sunnfjord, der mellom anna store arkiv frå Gaia Trafik AS, Sogn Billag og Firda Billag har blitt tekne vare på.

Det har blitt verna få arkiv frå godstransport, og drosjenæringa er berre representert med eitt arkiv. Dette speglar ikkje aktiviteten i desse bransjane dei siste tiåra. I følgje tal frå einingsregisteret har Vestland i 2024 registrert 460 verksemder innan næringskategoriane godstransport på land/flyttesport, og 470 verksemder innan drosjebiltransport. Det må difor vere eit mål å dokumentere denne næringa betre.

### **Skipsfart**

I Einingsregisteret er det registrert 25 reiarlag i Vestland i dag. Næringa har vist seg å vere svært levedyktig, med ei stor økonomisk inntening. Blant verksemdene er det enkelte nye og små reiarselskap frå kommunar som Askvoll, Austrheim og Austevoll. Dei fleste selskapa er likevel lokaliserte i Bergen.

Det er bevart 29 arkiv frå ulike reiarlag. Alle arkiva, utanom eitt, har kommunetilhøyrse til Bergen. Perioden frå begynninga av 1900-talet og fram til den andre verdskrigen er best dekkja med denne typen arkiv.

Det har blitt verna fleire arkiv frå store reiarlag i Bergen, som til dømes bedrifta Hilmar Reksten, som disponerte halvparten av Bergen sin skipstonnasje på 1970-talet. Arkivet dekkjer perioden frå 1929 til 1996, og har eit omfang på 299 hyllemeter. Reiarlægninga ser ut til å vere godt dokumentert.

### **Landbruk**

Samla sett er landbruket relativt godt dokumentert i offentlege arkiv, og gjennom innsamla privatarkiv. Det er likevel viktig å dokumentere delar næringa betre.

Det er bevart 24 arkiv i kategorien *Jordbruk og tenester knytt til jordbruk, jakt og viltstell*. I tillegg har det blitt teke vare på over 50 dokumentsamlingar frå ulike gardar i Vestland. Mykje av dette tilfanget er kopiar av tinglyste dokument, og fortel lite om drift og produksjon på gardsbruka. Gardsdrift bør bli dokumentert betre, helst ved gardsarkiv som viser utvikling over ein lengre tidsperiode. Også hagebruk er svakt dokumentert.

Gamle Sogn og Fjordane var eit av dei største fylka innan tilverking av revepels i landet. Kommunane Gloppen, Stryn og Lærdal hadde den største produksjonen av pels. Likevel er det berre bevart eitt lite arkiv frå pelsdyrproduksjonen i Gloppen og eitt frå Stryn. Det finst ingen arkiv frå Lærdal. For å få eit meir fullstendig bilete av pelsdyrnæringa i fylket, burde ein ta sikte på å samla inn fleire arkiv frå kommunane som har hatt den største pelsdyrproduksjonen.

Av organisasjonar i jordbruket har det blitt teke vare på 491 arkiv. Kategorien *Faglege organisasjonar i landbruket* er dokumentert med 392 arkiv medan *Jordbrukets omsettingsorganisasjonar* er dokumentert med 99 arkiv. Ein god del av organisasjonane varta starta opp etter den andre verdskrigen. Det er bevart 202 arkiv frå organisasjonar i jordbruket som vart etablert etter 1945. Jordbruket er såleis bra dekkja med organisasjonsarkiv.

Vestland har aldri vore eit stort skogbrukfylke. Det er heller ikkje bevart mange arkiv frå denne næringa. Totalt har det blitt tatt vare på tre bedriftsarkiv frå skogbruket i fylket. Avverking av tre for sal har blitt ei større næring dei siste tjue åra. Det meste av avverkinga skjer i Alver, Voss og Ullensvang. Tal frå einingsregisteret viser at det er 1 329 verksemder som driv med *Skogbruk og tenester knytt til skogbruk* i Vestland i dag. Dei fleste bedriftene er enkeltmannsføretak med færre enn fem tilsette. Det vil såleis vere behov for å dokumentere næringsaktiviteten dei siste tiåra.



Når det gjeld organisasjonar i skogbruket er det bevart 51 arkiv etter forskjellige skoglag og skogeigarlag. Mellom dei er det seks regionale arkiv frå skogbruket. Skogbruket er dermed godt dekkja med organisasjonsarkiv.

### **Fiske, fangst og havbruk**

Fiske og havbruk har hatt ei stor betydning langs kysten i Vestland. Næringa sysselset framleis mange menneske, både direkte og indirekte. Det har blitt teke vare på 18 bedriftsarkiv frå denne næringa.

I følgje tal frå einingsregisteret er det 1 327 bedrifter innan fiske, fangst og havbruk i Vestland i 2024. Mange av bedriftene er einskildfartøy som driv med fiske eller selskap tilknytt oppdrettsnæringa i fylket. Fiske og havbruk har gitt store inntekter og sysselsette til saman 5 323 personar i 2021. Det er difor nødvendig å prioritere vern av fleire arkiv frå hav og kystfiske og oppdrettsnæringa. Fiskeoppdrett har vore ei ekspansiv vekstnæring dei siste førti åra, og har også gitt knoppskyting i andre bransjar. Ein må sjå om det er mogleg å få til eit samarbeid med næringa om avlevering av arkivmateriale.

Fangst av kval føregjekk langs kysten av Vestland fram til begynninga av 1900-talet, men har hatt lite betydning i fylket etter den andre verdskrigen. Selfangst har heller ikkje hatt stor verdi i fylket. Med utgangspunkt i tal frå einingsregisteret er det ingen som driv med fangst i Vestland i 2024.

Det er bevart 71 arkiv frå organisasjonar knytt til fiske, fangst og havbruk. Mange av arkiva er små, men det har blitt verna nokre omfangsrrike regionale arkiv. Eksempelvis oppbevarer Museum Vest 25 hyllemeter med arkiv frå Hordaland Fiskarlag. Det er fleire kommunar langs kysten som er dårleg dekkja med organisasjonsarkiv. Det gjeld særleg for kystkommunane i gamle Hordaland. Mest kritisk er det for Sunnhordland og øykommunen Fedje som ikkje står oppført med nokon arkiv. Næringa har hatt ein såpass stor betydning i fylket at ein må prioritere å verne eit større utval med organisasjonsarkiv frå fiske.

### **Industri**

#### **Bergverk**

Bergverksdrift har aldri vore ei stor næring i Vestland. Det har blitt teke vare på 24 arkiv knytt til bergverksdrift og utvinning. Arkiva består av fleire sandtak, skiferbrot, steinbrot og noko gruvedrift. Stord kommune oppbevarer fleire titals hyllemeter med arkiv frå AS Stordø Kisgruber. Bedrifta dreiv med utvinning av svovelkis på Stord i perioden frå 1907 til 1978, og var eit dei mest vellukka bergverksføretaket i fylket.

Tal frå einingsregisteret viser at det er 89 bedrifter knytt til bergverksdrift i fylket i dag. Eit fleirtal av dei driv med utvinning frå grus- og sandtak, og utvinning av leire og kaolin. Mange av bedriftene er små, med få tilsette.

Næringa ser ut til å vere nokolunde godt dekkja med arkiv. Norsk bergindustriarkiv har dessutan eit nasjonalt ansvar for å syte for dokumentasjon frå denne sektoren.

#### **Verkstadindustri**

Verkstadindustrien har vore ein av dei viktigaste bransjane innanfor vestlandsindustrien. Denne industrigreina inneheld mellom anna bygging av skip, maskiner og teknisk utstyr.

Det har blitt teke vare på 29 arkiv under kategorien *Produksjon av andre transportmiddel*. Arkiva til dei største skipsverfta - Bergens Mekaniske Verksteder, Laksevåg Verft og Aker Solution Stord - har blitt samla inn og blir oppbevart av ein arkivinstitusjon. Skipsbygginga i Bergen er såleis godt dokumentert, men skipsbygging har også vore viktig i andre delar av fylket, til dømes i Gloppen. Det er såleis behov for å sikre ein breiare geografisk dokumentasjon av næringa.

Dei andre kategoriene innan verkstadindustrien er ikkje like godt dokumenterte med arkiv som skipsbygginga. Det har blitt teke vare på åtte arkiv knytt til *produksjon av maskiner og utstyr til generelt bruk* og fire små arkiv knytt til *produksjon av motorvogner og tilhengargar*. Baserte på tal frå einingsregisteret er det 281 bedrifter i verkstadindustrien i Vestland i dag.

Ein må ta sikte på å verne eit større utval med arkiv frå verkstadindustrien i fylket.

## Petroleum

Petroleumssektoren har hatt ei stor betydning for vareeksport og sysselsetjing i Vestland. Sysselsetjinga har gått noko ned dei siste åra, men det var likevel tilsett 13 220 personar i oljeindustrien i 2020.

Det er ikkje registrert eit einaste arkiv frå petroleumssektoren i vår kartlegging. Raffinerianlegget på Mongstad er ei viktig bedrift i denne sektoren. Anlegget er eigd av Equinor. Ettersom Arkivverket har eit nasjonalt ansvar for å bevare historisk verdifullt kjeldemateriale frå norsk olje- og gassektor, vil raffinerianlegget på Mongstad sannsynlegvis vere samla inn av Arkivverket som ein del av Equinor sin aktivitet. Når det gjeld forsyningsbasane på Ågotnes, Kollsnes og Mongstad, tilhører dei selskapet Coast Center Base. Arkivverket tek vare på arkiv frå denne verksemda.

Aker Solution Stord er eitt av to arkiv som er bevart frå teneste- og utstyrsleverandørbransjen til oljeindustrien. Aker Solution Stord, (tidlegare Stord Verft), har gått frå å vere ei sildeoljefabrikk til å bli eit skipsverft, og er i dag ein leverandør til oljeindustrien. Ankerløkken Verft Florø er ei anna bedrift tilknytt oljeindustrien i Vestland, der arkivet til bedrifta har blitt samla inn. Omfanget til arkivet er derimot ukjent. Både Aker Solution Stord og Ankerløkken Verft Florø er bevart av Arkivverket.

Petroleumssektoren i Vestland vil vere godt dokumentert i Arkivverket, gjennom sektorsatsinga Norsk olje- og gassarkiv.

## Næringsmiddelindustri

Næringsmiddelindustrien voks fram på slutten av 1800-talet då jordbruket byrja å produsere varer til ein større marknad. Rundt om i fylket vart det etablert fleire lokale meieri, ysteri og slakteri. Det har blitt tatt vare på 214 arkiv frå næringsmiddelindustrien. Det inkluderer 137 meieriarkiv, tre ysteriarkiv og fire arkiv knytte til *Produksjon, omarbeiding og konservering av kjøtt og kjøttvarer*.

I følgje tal frå Einingsregisteret er det til saman 449 bedrifter som driv med produksjon av nærings- og nytingsmiddel og 81 bedrifter som driv med produksjon av drikkevarer i Vestland i dag. Arkiva til fleire store verksemder innan næringsmiddelindustrien er bevart. Det gjeld mellom anna arkiva etter Hansa Bryggeri, Minde sjokoladefabrikk og O. Kavli AS.

Det har blitt teke vare på 22 arkiv under kategorien *Omarbeiding og konservering av fisk, skaldyr og blautdyr*. Den store mengda med sild som vart fiska opp utanfor kysten i perioden 1890/1900-1950 gav gode vilkår for bedrifter som dreiv med omarbeiding og konservering av fisk. I følgje *Det Norske Næringsliv* var det 79 hermetikfabrikkar i gamle Hordaland og 16 hermetikfabrikkar i gamle Sogn og Fjordane på begynninga av 1950-talet.

Dekninga med arkiv frå bedrifter som driv med *Omarbeiding og konservering av fisk, skaldyr og blautdyr* er noko mangelfull. Fiskehermetikproduksjonen i fylket er berre dokumentert med åtte arkiv, men to av arkiva er svært omfangsrike. Det har også blitt tatt vare på to store bedriftsarkiv knytt til sildeoljeproduksjon på Øygarden og Askøy. Dersom ein ser på tal frå einingsregisteret er det 91 bedrifter som driv med *Omarbeiding og konservering av fisk, skaldyr og blautdyr* i Vestland i dag. Bedriftene er hovudsakeleg lokalisert i Øygarden kommune og Kinn kommune.

Samla sett er næringsmiddelindustrien bra dekkja med arkiv. Det er likevel eit behov for å bevare fleire arkiv frå bedrifter som har drive med omarbeiding av sjømat. Ein burde også sjå om det er mogleg å få samla inn arkiva frå store bedrifter i næringsmiddelindustrien som ikkje har blitt samla inn enda.

### Jern- og metallindustrien

Det er bevart 29 arkiv frå jern- og metallindustrien i Vestland. Det omfattar alt frå produksjon av kjøkkenreiskap til smelteverk. Kraftmuseet i Ullensvang oppbevarer fem store arkiv frå metallindustrien i Odda. I tillegg tek Arkivverket vare på arkivet etter Årdal og Sunndal Verk, som har eit omfang på 150 hyllemeter. I Einingsregisteret er det registrert 19 bedrifter under kategorien *Produksjon av metall*. Ei av desse bedriftene er Boliden AS, som avleverer arkiv til Kraftmuseet.

Det har blitt tatt vare på 13 arkiv under kategorien *Produksjon av metallvarar, unnateke maskiner og utstyr*. Denne kategorien består av produsentar av metallkonstruksjonar, tankar, cisterner, dampkjelar, våpen og ammunisjon, kjøkkenreiskap, skjære- og klippereiskap og andre metallvarar. I tillegg til smiding av metall og overflatebehandling og omarbeiding av metall. Berre tre av arkiva kjem frå bedrifter som vart oppretta etter den andre verdskrigen. Med utgangspunkt i einingsregisteret eksisterer det i dag 447 bedrifter som produserer metallvarer, unnateken maskiner og utstyr. Det bør såleis bli verna fleire arkiv frå denne kategorien.

Arkiv frå hjørneverksemdar i jern- og metallindustrien bør bli prioritert verna.

### Kjemikalie og kjemiske produkt, gummi og plastprodukt

Denne kategorien omfattar mellom anna produksjon av maling- og lakk og produksjon av såpe- og vaskemiddel, reinse- og polermiddel, parfyme og toalettartiklar. Kategorien inkluderer også produksjon av forskjellige typar gummiprodukt og plastprodukt.

Den kjemiske industrien har hatt størst betydning i Bergen. Maling- og lakkfabrikkane i Bergen hadde ein stor andel av landet sin produksjon på 1940-talet. Det same var tilfellet for fabrikkane som framstilte skokrem, pussemiddel og kosmetikk.

Det har blitt tatt vare på elleve arkiv knytt til kjemisk produksjon. Totalt åtte av arkiva kjem frå bedrifter i Bergen. Tal frå *Det norske næringslivet* viser at det var 37 kjemiske fabrikkar og ni maling- og lakkfabrikkar i Bergen i 1945. I 2024 er det 53 bedrifter i Vestland som

driv med produksjon av kjemikalie og kjemiske produkt. Dei fleste bedriftene driv med produksjon av såpe- og vaskemiddel, reinse- og polermiddel, parfyme og toalettartiklar.

I Bergen produserte Bulls Gummiindustri gummimakk til fiskeindustrien i perioden frå 1935 og fram til 1996. Selskapet vart kjøpt opp av Bergen Plastic Rubber Solutions AS i 1996. Elles er det få bedrifter som har drive med produksjon av gummi- og/eller plast om ein ser så langt attende. Tal frå einingsregistret viser at det er 49 bedrifter som produserer gummi- og/eller plast i Vestland i dag. Dei fleste bedriftene driv med produksjon av plast. Det er bevart to arkiv frå gummi- og plastindustrien i fylket.

Det er eit behov for å verne fleire arkiv frå desse næringane.

### Elektriske, elektroniske og optiske produkt

Innanfor den elektroniske- og optiske industrien finn vi mellom anna produsentar av elektriske motorar og transformatorar, elektriske kablar og leidning, elektriske hushaldningsmaskinar og apparat, datamaskinar og tilleggsutstyr og måle-, kontroll- og navigasjonsinstrument, klokker og ur.

På 1950-talet var det 96 bedrifter som produserte elektriske apparat og artiklar i Hordaland. I Sogn og Fjordane er det ikkje registrert produsentar av elektriske apparat og artiklar i den same perioden, men det var 51 elektriske forretningar og installatørar. Det er i dag 89 bedrifter i Vestland som driv med produksjon av elektriske, elektroniske og optiske produkt. Eit fleirtal av selskapa er lokalisert i Bergen.

I vår kartlegging har vi registrert fire bedriftsarkiv i denne kategorien. Tre av arkiva kjem frå Bergen og eitt av arkiva kjem frå Stryn. Det er såleis eit behov for å dokumentere næringa betre.

### Tekstil- og konfeksjonsbransjen

Tekstil- og konfeksjonsbransjen opplevde ein sterk vekst i etterkrigstida. Det har blitt teke vare på 54 arkiv frå denne bransjen. Bergen byarkiv/ArkiVest oppbevarer mange arkiv frå tekstil- og konfeksjonsbransjen i Bergen. Det har også blitt tatt vare på enkelte omfangsrike ullvarefabrikkarkiv frå Ullensvang, Stryn og Sogndal. Det ser ut til å vere god dekning med arkiv fram til 1980-talet.

Hard konkurranse frå utlandet førte til at ein god del av bedriftene i denne bransjen vart lagt ned i løpet av 1970-talet. Per dags dato finst det 354 bedrifter som produserer tekstilar eller klede. Det er stort sett enkeltmannsføretak som syr bunader og reparerer plagg. Konfeksjonsbransjen står framleis sterkt i Stryn. Riccovero, Skogstad Sport AS og Moods (tidlegare Moods of Norway) er døme på verksemder som har blitt etablerte i kommunen, og som er i drift den dag i dag. Ein burde sjå om det er mogleg å få i stand eit samarbeid med desse bedriftene om avlevering av arkivmateriale.

### Møbel- og trevareindustri

Møbel- og trevareindustrien, særleg møbelindustrien, har hatt ei stor betydning i gamle Hordaland. I 1972 var Hordaland det nest største møbelfylket i landet med ein arbeidstokk på 1 076 tilsette. Derimot har talet på bedrifter og tilsette i møbelindustrien gått kraftig tilbake sidan 1980-talet.

Med utgangspunkt i *Det Norske Næringsliv* var det 67 møbelfabrikkar og verkstader i Sogn og Fjordane i 1953. I gamle Hordaland var det 190 møbelfabrikkar og verkstader i den same perioden. Vi har registrert til saman 14 arkiv frå møbelindustrien i vår kartlegging. Arkiv frå store møbelprodusentar i gamle Hordaland er bevart. Det gjeld Viken Møbelfabrikk i Alver, H.B.H Møbelfabrikk på Osterøy og Pega Møbler på Askøy. Omfanget til fleire av desse arkiva er derimot ukjent. Det har ikkje blitt bevart eit einaste arkiv frå gamle Sogn og Fjordane.

Frå trevareindustrien er det bevart 16 arkiv. Det omfattar både trevarefabrikkar, sagbruk og tønnefabrikkar. I følge *Det Norske Næringsliv* var det 14 bøgkarar, 50 tønnefabrikkar, 216 sagbruk og høvleri og 172 trevarefabrikkar i fylket på 1950-talet. Med utgangspunkt i einingsregisteret er det i dag 271 bedrifter tilknytt trevareindustrien. Næringa er stort sett godt belagt med arkiv, men møbelindustrien i gamle Sogn og Fjordane bør bli betre dokumentert.

### Anna industri

Næringskategorien *Anna industriproduksjon* består mellom anna av produksjon av gull- og sølvvarer, sportsutstyr, musikkinstrument, spel og leikar.

Det var 58 gullsmedar- og gullsmedforretningar og 12 leiketøysforhandlarar og produsentar i Hordaland i 1950-åra. I Sogn og Fjordane var det 6 gullsmedar- og gullsmedforretningar og 7 skifabrikkar- og verkstadar i den same perioden. Med utgangspunkt i einingsregisteret er det 191 bedrifter i denne næringskategorien i 2024. Det er stort sett små bedrifter med få tilsette.

Kategorien står oppført med åtte arkiv i vår kartlegging. Det er mellom anna arkiv etter ein gullsmed, ein sølvvarefabrikk, ein skifabrikk og ein musikkverkstad. Anna industri er nokolunde godt dokumentert.

### Reiseliv, overnatting og servering

Reiseliv er ei næring med stor verdiskaping. Det var sysselsett 23 545 personar i reiselivsnæringa i Vestland i 2019.

Velstandsauke og nye ferielover førte til vekst i talet på overnattingar ved norske hotell og andre overnattingsbedrifter etter 1960. Basert på ei oversikt i *Det Norsk Næringsliv* var det 305 hotell, pensjonat og gjestgivarar i fylket på begynninga av 1950-talet. Talet på overnattingsverksemder i Vestland auka til 502 verksemder i 2024.

Det er bevart 25 arkiv etter forskjellige overnattingsverksemder i fylket. Mellom dei er arkivet frå Hotel Mundal i Fjærland, som har vore i drift sidan 1891. Arkivet dokumenterer utviklinga av turistnæringa i nær 100 år. Men, med tanke på betydninga av reiselivsnæringa i Vestland, bør det bli teke vare på fleire arkiv frå overnattingsverksemder, særleg dei som har vore i drift i fleire generasjonar. Døme på slike overnattingsverksemder er Fleischers Hotel på Voss, Utne Hotell i Hardanger og Bekkjarvik Gjestgivari i Austevoll.

Tal frå Einingsregisteret viser at det er 1 184 serveringsverksemder i Vestland i dag. Det er berre bevart 17 arkiv frå denne bransjen. Totalt har 13 av arkiva kommunetilhørse Bergen, medan dei andre arkiva kjem frå Høyanger, Ullensvang og Stryn. Arkiva etter serveringsverksemdene har eit lågt omfang, og ingen av dei dekkjer perioden etter 1995.

Det er tydeleg at serveringsverksemdene i fylket er svært dårleg dokumentert. Å verne arkiv frå forskjellige serveringsverksemdar i Vestland bør bli prioritert.

Det har blitt teke vare på seks små arkiv frå organisasjonar i reiselivet. Det er stort sett arkiv frå ulike turistforeiningar. Reiselivslaga i Vestland er representerte med eitt arkiv frå Hordaland Reiseliv. Tal frå einingsregistret viser at det er 13 reiselivslag i fylket i dag. Ein burde ta sikte på å få samla inn fleire reiselivslagsarkiv.

Dei siste tiåra har det blitt etablert mange bedrifter som tilbyr opplevingar og aktivitetar til turistar. Det omfattar alt frå båtturar inn i Hardangerfjorden og Sognefjorden til rafting på Voss. Denne aktiviteten har ikkje blitt fanga opp gjennom innsamla arkiv. Det burde difor vere eit mål å bevare fleire arkiv frå bedrifter som tilbyr opplevingar og aktivitetar til turistar.

### **Kraftutbygging og anna infrastruktur**

Vestland er det største kraftproduserande fylket i landet. Det har blitt tatt vare på 67 arkiv innan kraftutbygging i fylket. Kommunane i gamle Sogn og Fjordane har flest bevarte arkiv. Til saman 75 prosent av arkiva kjem frå ein av kommunane i gamle Sogn og Fjordane. Hovudmengda med arkiv er frå perioden før 1945.

Aktieselskabet Tyssefaldene er eit viktig kraftproduksjonsselskap som vart oppretta i samband med utbygginga av den kraftkrevjande industrien i Odda tidleg på 1900-talet. Arkivet til Tyssefaldene blir oppbevart av Kraftmuseet i Ullensvang. Arkivet har eit omfang på 325 hyllemeter. Samtidig har det blitt verna fem andre store arkiv etter kraftstasjonar, kraftverk, lysverk og kraftlag i Vestland.

Kraftbransjen synes noko svakt dokumentert etter krigen, men mange av kraftprodusentane i Vestland har vore kommunale. Denne analysen har ikkje kartlagt arkiva med offentleg opphav. Dokumentasjonsbehovet for kraftsektoren må såleis bli vurdert opp mot den samla arkivmengda som har blitt verna frå bransjen.

Dei siste tiåra har det blitt bygd nokre vindkraftanlegg fylket, først og fremst i Kinn og Fitjar. På sikt vil det vere behov for å dokumentere fornybarbransjen.

### **Bygg- og anleggsbransjen**

Etter den andre verdskrigen skaut bygginga av bustadar og næringsbygg i fylket fart. Berre i 1948 vart det bygd åtte nye industribygg i Bergen. Bygg- og anleggsbransjen var den tredje mest verdiskapande næringa i fylket i 2018.

Det blir oppbevart 64 arkiv frå denne bransjen. Det inkluderer mellom anna byggefirma, veganlegg, bruselskap og bustadselskap. Mange av arkiva er fragmentariske. Bedrifter som har blitt oppretta etter den andre verdskrigen utgjer 28 av 64 arkiv. Samtidig er det enkelte bedriftsarkiv som strekker seg over fleire tidsperiodar, gjerne frå midten av 1800-talet og fram til 1970-talet. Eksempel på eit slikt bedriftsarkiv er entreprenørfirma Stoltz-Røthing AS som har lange tradisjonar i Bergen.

Med utgangspunkt i tal frå einingsregisteret er det blant anna 787 snekkarar, 1 723 selskap som driv med utvikling og sal av eigendomar, og 3 122 selskap som driv med oppføring av bygningar i Vestland i dag. Det er i tillegg 201 selskap som er registrert under kategorien *anleggsverksemd*.

Det er behov for å bevare fleire arkiv frå private verksemder i bygg- og anlegg, for slik å spegle utviklinga i bransjen etter den andre verdskrigen.

## **Handel**

Det har blitt teke vare på 287 arkiv frå handelsnæringa. Arkiva kjem i hovudsak frå detaljhandelen som står oppført med 192 arkiv. Det er god dekning med arkiv frå Bergen, Nordhordland og Indre Sogn. Handelslag og landhandlarar utgjer hovudmengda av dei bevarte arkiva. Bedrifter i detaljhandelen som vart oppretta etter 1945 utgjer til saman 35 av 192 arkiv.

Tal frå einingsregisteret viser at det er 2 859 bedrifter i detaljhandelen i Vestland i dag. Dersom ein reknar med handel via internett er det 4 356 bedrifter i detaljhandelen. Dei fleste bedriftene har få tilsette. Detaljhandel omfamnar fleire typar, både *butikkhandel med eit bredt vareutval*, *butikkhandel med IKT-utstyr i spesialforretningar* og ei rekkje andre typar detaljhandel.

Kategorien *handel og reparasjon av motorvogner* står oppført med 10 arkiv. Det er stort sett arkiv frå forskjellige mekaniske verkstader. Arkiva kjem frå Bergen, Vik, Voss, Osterøy og Stord. Arkivet frå det nyaste firma i arkivbestanden har sluttdato i 1986.

Agentur- og engroshandelen er dokumentert med 85 arkiv. Om lag 49 prosent av desse arkiva er frå tidsperioden før 1850. Det skuldast først og fremst at Bergen Byarkiv oppbevarer mange arkiv frå forskjellige Nordlandshandlarar i Bergen. I einingsregisteret finn ein i dag 2 032 bedrifter under kategorien *Agentur- og engroshandel, unnateken med motorvogner*.

Det har blitt teke vare på 32 organisasjonsarkiv knytt til handel.

Handelsnæringa er generelt dårleg dokumentert med arkiv frå nyare tid. Det skuldast først og fremst at det er store kjeder som dominerer i næringa i dag. Ein må forsøke å få verna arkiv frå større butikkar og agenturfirma som ikkje har blitt kjøpt opp av ei kjede. Døme på slike bedrifter er: KL Moberg skotøyforretning AS, Sandvik sko AS, Domstein sjømat AS og Seaborn AS.

## **Finans og forsikring**

Frå midten av 1800-talet og utover 1900-talet vart det etablert fleire lokale bankar og forsikringsverksemder i Vestland. Dei lokale bankane vart etter kvart kjøpte opp av større bankar som kom til å dominere innanfor finansnæringa. For å ruste seg mot konkurranse frå den internasjonale marknaden har fleire bankar gått i fusjon med forsikringsselskap sidan 1980-talet. I følgje tal frå einingsregisteret er det 16 bankverksemder og 14 forsikringsverksemder i fylket i dag.

Det har blitt verna 121 bankarkiv i Vestland. Arkiva strekk seg frå slutten av 1800-talet og fram til 2000-talet. Kommunane i gamle Hordaland står oppført med 72 arkiv medan kommunane i gamle Sogn og Fjordane står oppført med 40 arkiv.

Oppbevaringsinstitusjonane i Vestland tek vare på 101 arkiv etter ulike forsikringsverksemder og pensjonskasser. Det inkluderer mellom anna branntrygdslag, hestetrygdslag og assuranseforeiningar.

Finans- og forsikringsnæringa i Vestland er godt dokumentert.

## Media og kommunikasjon

Det er bevart 50 arkiv under kategorien *utgiving av bøker, tidsskrift og aviser*. Svært mange av arkiva i denne kategorien er lokalaviser frå forskjellige regionar i fylket. Både arkivet til Bergens Tidende og Bergensavisen er bevart. Tal frå einingsregisteret viser at Vestland i 2024 har 273 forlag som gir ut bøker, aviser eller tidsskrifter. Dei fleste selskapa er små med få tilsette. Det er altså god dekning med arkiv frå bedrifter som gir ut bøker, tidsskrift og aviser.

Når det gjeld grafisk produksjon har det blitt teke vare på 15 arkiv. Totalt har 13 av arkiva opphav i Bergen medan 2 av arkiva har opphav i Kinn. I følgje *Det norske næringsliv* var det 32 trykkeri i Hordaland og 13 trykkeri i Sogn og Fjordane på begynninga av 1950-talet. Det er registrert 113 slike bedrifter i einingsregisteret i dag. Bedriftene er i all hovudsak små føretak. Grafisk dokumentasjon er såleis godt dokumentert.

Kategorien *Radio- og fjernsynsringkasting* står oppført med 13 arkiv. Berre eitt av arkiva kan knytast til fjernsynsringkasting. TV2 er ein dominerande aktør når det gjelder fjernsynsringkasting i Vestland. Arkiva frå radiokringkastinga kjem hovudsakeleg frå radiostasjonar som vart oppretta i 1980-åra. Med utgangspunkt i einingsregisteret er det 42 verksemder som driv med radio- og fjernsynsringkasting i dag. Kategorien *Radio- og fjernsynsringkasting* ser ut til å vere nokolunde godt dekkja med arkiv.

Etableringa av TV2 i Bergen i 1992 har skapt eit klyngemiljø med mykje kompetanse knytt til den tekniske sida av fjernsynsproduksjon. I einingsregisteret er det registrert 713 *Verksemder innan film, video og fjernsynsprogram*. Likevel er det berre bevart seks små arkiv i denne kategorien. Det nyaste arkivet er frå 1999. Dekningsgraden med arkiv frå *Verksemder innan film, video og fjernsynsprogram* er ganske dårleg. Det er dermed eit behov for å verne fleire arkiv frå denne bransjen.

Elles er det bevart 13 arkiv knytt til telekommunikasjon. Det inkluderer telefonlag, telefonselskap, telefonsentralar og telegrafstasjonar. Mykje arkivmateriale frå sektoren har blitt verna som offentlege arkiv. Telekommunikasjon er såleis godt dokumentert.

## Kunnskapsbaserte næringar (IKT)

Kunnskapsbaserte næringar har særleg vakse fram dei siste førti åra. Ein av dei viktigaste kunnskapsbaserte næringane er IKT. Tal frå einingsregisteret viser at det er 829 bedrifter i Vestland som tilbyr tenester knytt til informasjonsteknologi. Likevel er det berre bevart fire arkiv etter slike bedrifter i fylket. Alle arkiva kjem frå Bergen.

Arkivbestanden reflekterer ikkje den utviklinga som har skjedd i bransjen dei siste fire tiåra. Av den grunn må ein prioritere å verne fleire arkiv frå dei kunnskapsbaserte næringane.

## Anna tenesteyting

Anna tenesteyting omfattar ei knippe næringar, slik som advokat, veterinær, revisjon, arkitekt, apotek, reklame og eigedomsmeikling. Mange av dei tenesteytande næringane har opplevd ein sterk vekst sidan 1980-talet. Det gjeld alt frå juridisk tenesteyting til veterinærtjenester.

I følgje *Det Norske Næringsliv* var det 114 advokatar og sakførarar, 6 veterinærar, 81 revisorar, 24 apotek, 21 reklamebyrå- og teiknarar og 66 arkitektar i Hordaland og Sogn og Fjordane på begynninga av 1950-talet. Dei fleste advokatane og sakførarane, revisorane, arkitektane og reklamebyråa hadde kontor i Bergen. Med utgangspunkt i einingsregisteret er det registeret 148 veterinærtjenester, 240 firma som tilbyr juridisk tenesteyting, 252



revisor-, rekneskap- og skatterådgivningsfirma, 39 apotek, 855 reklamebyrå, 131 arkitekter og 230 bedrifter som tilbyr eigedomsmeikling i Vestland i dag.

Oppbevaringsinstitusjonane i Vestland tek vare på totalt 114 arkiv frå dei tenesteytande næringane, og 35 av desse arkiva kjem frå bedrifter som vart oppretta etter 1945. Det er mellom anna bevart 10 arkiv knytt til juridisk tenesteyting, 59 arkitektarkiv, 3 apotekarkiv, 2 arkiv knytt til reklameverksemd, 2 arkiv frå eigedomsmeikling og 2 arkiv knytt til revisjon.

Det er god dekning med arkiv frå arkitektverksemda, men ikkje frå dei andre tenesteytande næringane i Vestland. Det vil vere viktig å bevare arkiv frå dei forskjellige tenesteytande næringane for få fram breidda i næringsaktiviteten.

### **Politikk og fagrørsla**

Det er bevart 400 arkiv under kategorien *Politiske parti og tilknytte organisasjonar, politiske kampanjar og rørsler*.<sup>1</sup> Den politiske venstresida er godt dekkja med arkiv. Det har blitt tatt vare på 107 arkiv frå lag og foreiningar som er tilknytt Arbeidarpartiet. Samtidig er det bevart 25 arkiv frå lag og foreiningar som er tilknytt partiet Raudt og 19 arkiv frå lag og foreiningar som er tilknytt Sosialistisk Venstreparti. Det høge talet med arkiv frå den politiske venstresida heng saman med ein målretta innsats for å få verna slike arkiv.

Det har ikkje vore sett i verk same målretta innsats for å verne arkiv frå den politiske høgresida i fylket. Det er bevart 9 arkiv frå lag og foreiningar som er tilknytt partiet Høgre og 2 arkiv frå lag og foreiningar som er tilknytt Framstegspartiet. For å jamne ut noko av ulikskapen i arkivbestanden er det nødvendig å verne fleire arkiv frå parti- og organisasjonar på høgresida i politikken.

Vestlandet har vore eit av kjerneområda til Kristeleg Folkeparti (KrF) heilt sidan partiet vart stifta i Bergen i 1933. Partiet har generelt hatt ei stor oppslutning i fylket i forhold til landsgjennomsnittet. Derimot har det ikkje blitt tatt vare på fleire enn 4 arkiv frå lag og foreiningar som er tilknytt KrF i Vestland. Det er av den grunn eit behov for å bevare fleire slike arkiv. Det same gjeld for Miljøpartiet Dei Grøne (MDG). I følgje einingsregisteret har det blitt etablert 23 lokallag i Vestland etter at partiet vart stifta i 1988. Likevel er det ikkje bevart eit einaste arkiv frå lag og foreiningar som er tilknytt MDG.

Det har blitt verna 765 arkiv frå arbeidstakar- og yrkesorganisasjonar i Vestland. Dei fleste er tilknytt LO. Det skuldast at ArkivVest i Hordaland og Arbeidararkivet i Sogn og Fjordane har hatt ansvar for å bevare arkiv frå arbeidarrørsla i Vestland, som avdelingar under Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek (Arbark) i Oslo. Arbark har eit nasjonalt ansvar for å verne arkiv frå LO og tilhøyrande organisasjonar, i tillegg til politiske parti og organisasjonar på venstresida.

Det er god dekning med arkiv som viser utviklinga til fagrørsla i fylket etter krigen. Det er bevart til saman 288 arkiv etter arbeidstakar- og yrkesorganisasjonar som vart starta opp etter den andre verdskrigen. I tillegg har det blitt tatt vare på 108 arkiv etter regionale arbeidstakar- og yrkesorganisasjonar.

### **Natur- og miljøvern**

Natur- og miljøvern har blitt eit meir aktuelt tema ettersom naturen og naturressursane har kome under eit stadig større press. Det har blitt teke vare på 13 arkiv frå natur- og

---

<sup>1</sup> Dei politiske ungdomslaga og foreiningane har blitt plassert inn under organisasjonskategorien «Barne- og ungdomsforeiningar»

miljørørsla. Halvparten av arkiva er regionale arkiv tilknytt Naturvernforbundet og Natur og Ungdom.

I løpet av 2000-talet har det blitt stifta nye natur- og miljøvernorganisasjonar i fylket. Til dømes Spire Bergen, Redd Havet, Plastic Free Future, Extinction Rebellion og ei rekkje andre slike organisasjonar. Arkiva til desse organisasjonane er ikkje verna.

Etablering av vindkraftverk har skapt mykje lokal motstand i nyare tid. Det har blitt oppretta fleire protestorganisasjonar som er motstandar av å bygge ut vindparker i fylket. Det er hovudsakeleg lokallag av organisasjonen Motvind.

Det er eit behov for å verne fleire arkiv frå dei nyare organisasjonane innan natur- og miljøvern.

### **Bustad- og lokalmiljø**

I etterkrigstida har det vore ei oppblomstring av bustadbyggelag, burettslag, velforeiningar og grendelag i fylket.

Det er registrert 7 bustadbyggelag, 1 059 burettslag, 739 velforeiningar og 330 grendelag i Einingsregisterte. I vårt kartleggingsskjema har det blitt ført opp 4 bustadbyggelag, 7 burettslag, 5 velforeiningar og 6 grendelag.

Det må vere eit mål å verne fleire arkiv som er tilknytt bustad- og lokalmiljø i Vestland.

### **Tru- og livssyn**

Frå organisasjonar knytte til tru- og livssyn har det blitt samla inn 257 arkiv.<sup>2</sup> Det er stort sett arkiv etter ulike kristelege organisasjonar. Rundt halvparten av arkiva kjem frå misjonsrørsla, fyrst og fremst frå indremisjonen som var tilknytt lekmannsrørsla. Rørsla har stått sterkt i Vestland og har spela ei viktig rolle i organisasjonssamfunnet. Perioden frå 1945 til 2000 ser ut til å vere godt dekkja med misjonsarkiv.

Det er bevart elleve arkiv frå forskjellige kristne organisasjonar utanfor statskyrkja. Det inkluderer også forskjellige protestantiske kyrkjelydar. Både pinserørsla, metodistkyrkja, kristkyrkja, katolsk-apostoliske kyrkjelyd, og andre, er representerte i arkivbestanden. Arkiva kjem frå Bergen, Luster, Sunnfjord, Kinn og Voss.

Human-Etisk Forbund er ein av dei største livssynsorganisasjonane i fylket. Det første lokallaget til Human-Etisk Forbund i Vestland vart stifta i Bergen i 1967. Det har sidan blitt oppretta 11 nye lokallag i fylket. Det er bevart to lokallag av Human-Etisk Forbund og eitt regionalt arkiv frå gamle Sogn og Fjordane. Ingen av kommunane i gamle Hordaland er representerte med arkiv. Dette er noko som bør rettast opp i.

Dei siste tiåra har det kome til fleire ulike trussamfunn i fylket, men det har ikkje blitt samla inn eitt einaste arkiv frå andre religionar enn kristendom. Ein må prioritere å få verna arkiv frå andre trussamfunn for å spegle det religiøse mangfaldet i Vestland.

### **Ideelle og humanitære verksemder**

Det har blitt samla inn 975 arkiv etter ideelle og humanitære verksemder. Fråhaldsrørsla står oppført med 285 av dei 975 arkiva. Det er bevart flest fråhaldsarkiv frå Nordfjord og Kinn, Indre Sogn og Midthordland - hovudsakeleg Bergen. Arkiva dekkjer tidsrommet frå begynninga av 1900-talet og fram til 1970-talet. Fråhaldsrørsla hadde stor innflytelse på

---

<sup>2</sup> Kristne barne- og ungdomsforeiningar har blitt plassert inn under organisasjonskategorien «Barne- og ungdomsforeiningar»

samfunnet i perioden mellom 1900-1945, men har opplevd ein klar tilbakebakegang i talet på organisasjonar og medlemmer sidan 1970. Rørsla ser ut til å vere godt dokumentert.

På begynninga av 1900-talet vart det oppretta både sanitetsforeiningar og bondekvinnelag i Vestland. Etter kvart dukka det også opp fleire helselag, redningsforeiningar, husmorlag og raude-krosslag. Foreiningane stod sterkt i fylket fram til 1980-talet. Det er god dekning med arkiv etter dei ulike foreiningane til om lag 2000-talet.

Dei siste tiåra har det blitt oppretta fleire pensjonistforeiningar, i tillegg til foreiningar for ulike sjukdommar og støttegrupper for blant anna angstramma personar, pårørande til aldersdemente og foreldre til prematur - dødfødde. Det har blitt teke vare på 47 arkiv etter forskjellige pensjonistforeiningar i fylket, medan det er bevart eitt regionalt arkiv frå ein foreining for Cerebral Parese i Hordaland og Sogn og Fjordane. Av den grunn er det eit behov for å verne fleire arkiv frå foreiningar for ulike sjukdommar og frå forskjellige støttegrupper.

### **Barn- og ungdomsorganisasjonar**

Dei første organisasjonane for barn og ungdom vart stifta allereie på 1800-talet. Det var hovudsakeleg kristne barne- og ungdomsforeiningar, barne- og ungdomslosjar og frilyndte ungdomslag. Etter den andre verdskrigen har det blitt oppretta ei rekkje nye barne- og ungdomsorganisasjonar. Både politiske ungdomsparti og 4H foreiningar er døme på slike ungdomsorganisasjonar. Samtidig har vore ein klar nedgang i talet på barne- og ungdomsorganisasjonar sidan 1980-talet.

Det er bevart 138 arkiv frå ulike barneorganisasjonar og 304 frå forskjellige ungdomsforeiningar. Det inkluderer politiske ungdomsforeiningar, kristne barne- og ungdomsforeiningar og fråhaldslag- og losjar for barn og unge, i tillegg til frilyndte ungdomslag og 4H foreiningar. Mange av dei bevarte arkiva i denne organisasjonskategorien strekker seg over fleire periodar. Dermed ser det ut til å vere god dekning med denne typen organisasjonsarkiv.

### **Idrett, fritid og kultur**

Meir fritid og betre økonomi har vore viktig for framveksten av ulike idrettsaktivitetar og kulturelle tilbod etter den andre verdskrig.

Særleg har organiseringa av idrett for barn auka betrakteleg etter 1945. Det har blitt teke vare på 176 arkiv etter ulike organisasjonar i idretten i Vestland. Totalt kjem 57 av arkiva frå foreiningane som vart stifta etter 1945. Frå idrettskrinsane er det bevart sju arkiv. Alle dei regionale arkiva, utanom eitt, kjem frå gamle Sogn og Fjordane. Det har også blitt tatt vare på 105 arkiv etter ulike friluftsf- og fritidsorganisasjonar, hovudsakeleg speidarlag og turlag. Det er eit behov for å bevare fleire arkiv frå regionale organisasjonar i idretten.

Det er bevart mange forskjellige typar organisasjonar under omgrepet 'kultur'. Det har mellom anna blitt tatt vare på arkiv frå 32 folkeakademi, 13 husflidlag, 30 soge- og historielag og 43 mållag. I tillegg blir det oppbevart 9 små arkiv etter forskjellige kunstlag og 5 arkiv etter ulike kunstforeiningar i Vestland. Som kjerneområde for nynorsk, og eit tyngdepunkt for den motkulturelle målrørsla, er det viktig at Vestland også i framtida dokumenterer denne delen av historia vår.

Under kategorien *Song, musikk og amatørteater* har det blitt teke vare på 287 arkiv. Det inkluderer 87 musikklag og korps, 81 korforeiningar, 56 songforeiningar og 2 teaterlag. I følge tal frå einingsregisteret er det 120 musikklag og korps, 30 korforeiningar, 5

songforeiningar og 11 teaterlag i Vestland i dag. Kategorien *Song, musikk og amatørteater* ser altså ut til å vere nokolunde godt dekkja med arkiv.

Frå dei større teaterscenene har arkivet frå Den Nationale Scene og Teater Vestland blitt verna. Det bør bli likevel bli teke vare på fleire arkiv, frå både teater og opera.

Ein nyvinning innanfor kulturlivet etter krigen var oppretting av ulike kulturengasjement og festivalar. Det er bevart arkiv frå sju ulike festivalar i Vestland. Det gjeld mellom anna Festspillene i Bergen, Vossa Jazz og Førdefestivalen. Det er likevel behov for å dokumentere meir av mangfaldet av festivalar i fylket.

Det må også vere eit mål å sikre brei dokumentasjon frå personar som har vore med på å skape og utøve kultur. Det gjeld forfattarar, musikarar, biletkunstnarar og andre kulturutøvarar. Per i dag er det bevart eitt arkiv etter ein musikar frå Bergen, og nokre arkiv frå kunstnarar, som til dømes Hans Gjesme frå Lærdal. Dokumentasjonsstatus på dette feltet er usikker. Det skuldast i hovudsak manglande oversyn over kva privatarkiv Nasjonalbiblioteket, som har ei stor samling forfattar- og kunstnararkiv, sit på.

### **Institusjonar**

Private aktørar har drive helse- og omsorgstilbod heilt sidan 1800-talet. Etter den andre verdskrigen tok det offentlege i større grad over ansvaret for styring og finansiering av dette tilbodet. Dei siste tretti åra har ein rekkje tenester innan helse- og omsorg blitt sett ut til det private. Samtidig har det offentlege hatt ansvar for innhaldet og kvaliteten i tenestene, i tillegg til finansieringa.

Det er bevart 258 institusjonsarkiv frå Vestland, der 128 av arkiva er frå ein institusjon i Bergen. Ein god del av institusjonsarkiva kan knytast til helse- og omsorg og undervisning. Totalt kjem 95 av arkiva frå ein institusjon som vart oppretta etter 1945. Samtidig er det mange institusjonsarkiv som ikkje har vore mogleg å plassere i ein tidsperiode på grunn av manglande ytterår.

Det bør arbeidast for at dokumentasjon knytt til rettar for einskildpersonar frå private institusjonar får tilstrekkeleg vern.

### **Person/familie**

Kvinner har hatt eit stort engasjement i samfunnslivet gjennom organisasjonar som sanitetsforeiningar, bondekvinnelag og helselag. Kvinner har også vore organisert i egne kvinneforeiningar. Det har blitt teke vare på fleire slike arkiv. Derimot er kvinner dårleg representerte i kategorien person/familiearkiva.

Person/familiearkiv frå kvinner i Vestland består av 217 arkiv. Det svarar til 15 prosent av arkiva. Samtidig er det bevart 1 109 person/familiearkiv frå menn, som utgjer 78 prosent av den samla mengda med person/familiearkiva. Det er med det ei tydeleg skeivfordeling av kjønn i arkivbestanden. Det er difor eit behov for å verne fleire personarkiv frå kvinner.

### **Legat**

Legat er ei økonomisk gåve til ulike formål som oppfyller bestemte kriterium. Det kan vere stipend for ungdom, støtte til vanskelegstilte o.l.

Det er bevart 359 arkiv frå ulike legat. Totalt har 89 av legata blitt oppretta etter 1945. 87 prosent av arkiva kjem frå Bergen. I *Brønnøysundsregisteret* er det registrert 197 legat i Vestland i 2024.

Det er god dekning med arkiv frå legat.